



## Innkalling Formannskapet

**Møtedato:** 24.11.2016  
**Møtested:** Møterom - Børilden  
**Møtetid:** 09:00

Dokument i sak 16/150 vil ligge føre til møte den 24.11.16. Disse vil bli utsendt den 17.11.16

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
125/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
126/16	Godkjenning av møteprotokoll
127/16	Meldingar
128/16	Delegerte saker
129/16	Orienteringssak
130/16	Klage på godkjent "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" (Arealplanid. 2014005)
131/16	Klage på godkjent "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" (Arealplanid. 2014005).
132/16	Planendring for detaljregulering "Søre Neset", planid. 2005003 i Austrheim kommune
133/16	Lokal forskrift om gebyr for tekniske forvaltningsteneste med gebyrsatsar for 2017 - Godkjenning
134/16	Alkoholgebyr
135/16	Avgifter - Austrheim kulturskule 2017
136/16	Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2017
137/16	Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2017
138/16	Betaling for heimetenester 2017

139/16 Betaling for middag 2017  
140/16 Betaling for tryggleiksalarm 2017  
141/16 Betalingssatsar for barnehageplass for 2017  
142/16 SFO - Betalingssatsar for 2017  
143/16 Slamavgift 2017  
144/16 Kloakkavgift 2017  
145/16 Renovasjonsavgift 2017  
146/16 Vassavgift 2017  
147/16 Feieavgift 2017  
148/16 Budsjettoppfølgning pr.31.10.16  
149/16 Budsjett 2017

Dato, 10.11.2016

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
125/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/1048

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
126/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/1048

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 02.11.2016

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
127/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/1048

### Meldingar

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
128/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/1048

### Delegerte saker

### Saker

Saksnummer	Tittel
109/16	Endring av ansvarsrett samt ferdigattest på gbnr 130/164 - Kalandssjøen <b>Det vert godkjent endring av omsøkte ansvarsrettar i medhald av plan- og bygningslova § 23-3.</b> <b>I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.</b>
113/16	Ferdigattest - gbnr 164/6 - Austrheim - tilbygg <b>I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.</b>
111/16	Ferdigattest gbnr 156/47 - Redskapshus <b>I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.</b>
114/16	Gbnr 128/121 - Adressetildeling
105/16	Gbnr 132/19, 20 og 67 - Omadressering
106/16	Gbnr 132/68 - Adressetildeling
104/16	Gbnr 147/114 - Tildeling av adresse

103/16	Gbnr 147/23 - Omadressering
099/16	Igangsettingsløyve gbnr 132/36, Utkilen - bustad <div style="border: 1px solid black; padding: 5px; margin-top: 5px;"> <p><b>Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar og gjeve igangsetjingsløyve for heile tiltaket, samt etablering av slamavskiljar og utsleppsledning og gjeve utsleppsløyve i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova § 11 samt forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 på følgjande vilkår:</b></p> <p style="text-align: center;"><b>1. Leidning i sjø må søkast om til Bergen og Omland Hamnevesen</b></p> </div>
112/16	Løyve - gbnr 147/114 Toftegård - bustad <div style="border: 1px solid black; padding: 5px; margin-top: 5px;"> <p><b>Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar, tilkobling til offentleg ledningsnett, samt oppføring av bustadhus i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:</b></p> <p style="text-align: center;"><b>1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner.</b></p> </div>
110/16	Deling av tilleggsareal frå gbnr. 157/93 til gbnr 157/92 til fritidsføre mål- Bergsvik

**Framlegg til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**Saksopplysninger:**

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
129/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	16/1048

### Orienteringssak

#### Framlegg til vedtak:

Det vert fylgjande orienteringar i møte:

- Vedrørande Gang og sykkelveg i Nordre Fønnesvågen
- Detalregulering vedrørande omsorgsbustader på Kaland
- Bergensalliansen brannsamarbeid
- Brannsarbeid Nordhordland

#### Saksopplysninger:



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
130/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L13, PlanID - 12642014005	14/575

### Klage på godkjent "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" (Arealplanid. 2014005)

#### Vedlegg:

Klage på detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - godkjenning  
DetaljreguleringR01-1

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til Nils O. Knudsen til følge.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om godkjenning av "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" (arealplanid. 2014005) gjort i kommunestyret den 15.09.2016.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd

#### Saksopplysninger:

Det er kome inn ein skriftleg klage på den godkjente "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy". Den er underskiven av ein grunneigarar i planområdet og klagen er kome inn til Austrheim kommune innan klagefristen som var sett til 08.11.2016. Grunneigar på gbnr. 144/1 er Nils O. Knudsen. Han er part i denne plansaka etter forvaltningslova sin § 28 og klagen hans må handsamast etter forvaltningslova § 33 på vanleg måte. Klageskrivet hans er datert 28.10.2016 og ligg ved saka, klagen er sendt innfor klagefristen etter forvaltningslova sin § 29 (tre veker) etter underretning om vedtaket.

Austrheim kommunestyre godkjente i møte den 15.09.2016 (sak 086/16) "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy". Plankart og reguleringsføresegner er datert 29.04.2016. Vedtaket var heimla i plan- og bygningslova §12-12. Planområdet er frå avkøyringa til Austrheim vidaregåande skule i Mastrevik og langs Fylkesveg 565 til brua ved Kilstraumen. Strekinga på om lag 3,6 km er prioritert i trafikksikringsplanen til Austrheim.

Planvedtaket der detaljreguleringa vart godkjent av kommunestyret vart kunngjort på vanleg måte i lokalaviser og på heimesida vår, og både offentlege, grunneigarar i planområdet og partar i saka vart tilskrivne om vedtaket i eige skriv frå Austrheim kommune datert 03.10.2016. Der vart det opplyst at kommunestyret sitt vedtak kunne påklagast, jfr. Pbl . § 1-9 og Forvaltningslova § 28. Eventuell klage skulle vera grunngeven og sendast skriftleg innan 8. november 2016 til Austrheim kommune. Knudsen sin klageskriv er datert 28.10.2016 er formulert slik:

## **Klage - Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - Godkjenning**

Eg ser i mottatt skriv til grunneigarane at mine merknader ikkje er tekne til følgje og at kommunen har stor respekt for Statens vegvesen. Det første som rann meg i hug var: Har Statens vegvesen sin vegnormal vorte hellig?

Konsekvensen av vegnormalen, som er mi hovudsak, er ikkje vurdert. Det finn eg skuffande og gjev grunnlag for klage frå meg.

Som kjent er teori ein ting og praksis noko anna.

Eg vil ta for meg det som er essensielt og som utgangspunkt at formålet med vegnormalen er å betra trafikktryggleiken i vegsvingen på min eigedom.

Følgjande kan konstaterast:

Noverande situasjon :

Det er ikkje påvist eller uttalt at svingen er eit trafikkmessig problem.

Framtidig situasjon :

Ved å gjera svingen litt slakkere, oppnår ein litt behageligere kjøring gjennom svingen. Det inspirerer også til enda større gjennomsnittsfart i 60-sonen, med følgjer for ulukkesstatistikken, men da kan ein hevde (trøyse seg med) at Statens vegnormal er føljt! I alle fall vil ikkje den høge gjennomsnittsfarten gå ned. Det er heller ikkje eksplisitt uttalt at endring av svingen vil fremja trafikktryggleiken. Fordelen med prosjektet er ikkje lett å få auge på.

Fylkesvegen slik den ligg der i dag, har eg innretta hustomten etter ved å få tilkjørt jord, planert og planta granhekk mot trafikkstøy og innsyn.

Den planlagte endring av veien i svingen vil vera eit grovt, skjemmande og tragisk inngrep på hustomten, som eg tidlegare har gjort greie for i mine merknader. Ekstra fortvilande er det at den praktiske fordelene med prosjektet, etter mi vurdering, i beste fall må kallast tvilsom.

Eg meiner det må vera sjølv sagt at Statens vegvesen kan visa til betydeleg trafikkmessig fordel med eit prosjekt av slikt omfang, og som i tillegg får store konsekvensar for min hustomt. Kostnaden med prosjektet må også vurderast, men det er ikkje mitt problem. Andre får vurdere det.

Eitt langt rimelegare prosjekt vil på alle måtar, vera å leggja gang- og sykkelvegen på utsida av dagens sving.

Inntil eg får eitt overtydande svar på kva som vil betra trafikktryggleiken ved å justera svingen ved hustomten, er min påstand som nemt i mine tidlegare merknader, at prosjektet er korkje fornuftig eller nødvendig.

Forhåpentleg vil ikkje svaret bli: Statens (hellige) vegnormal.

Det vil i så fall vera eitt "bomskudd" eller eitt "økseskaft"-svar.

Når kommunen skriv, sitat:

"Det er og mogeleg å skåna Knutsen sin barndomsheim her ved å ta gode omsyn i anleggsfasen og byggja ut veganlegget her på ein skånsom måte".  
så er det ei mager trøyst.

For ordens skuld: Eg er klar over at alle som ikkje er involvert i eit kontroversielt vegprosjekt, generelt har ingen ting imot at ein sving vert utbetra og helst ser at svingen forsvinn. Men det er ikkje det som har provosert mi sak.

Til slutt vil eg be om at mine merknader /klage også vert lagt fram for Statens vegvesen. Ved eventuelt motsegn har eg ingen ting å tape.

Dersom klagen min vert avvist, er det mitt inderlege ønskje og håp at gang- og sykkelvegen ved min hustomt ikkje vert lagt i overskueleg framtid.

Med helsing



Nils O Knutsen.

#### **Reguleringsplanarbeidet etter offentlig ettersyn:**

Austrheim kommune sitt formannskap vedtok den 08.06.2016 (saksnr 074/16) å leggja detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy med planid. 2014005 ut på offentlig ettersyn. Plankart og reguleringsføresegner var datert 29.04.2016, planskildringa var datert den 03.05.2016. Merknadar til planforslaget måtte sendast innan 8. august 2016. Alle grunneigarane og offentlege instansar vart tilskrivne i brev datert 14.06.2016 om denne detaljreguleringa og høyringsfristen. Det kom inn privat merknad frå Nils O. Knutsen. Hans merknad

som var datert 08.08.2016 og var formulert slik:

## **Merknader - Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - Arealplanid: 2014005 - Offentleg ettersyn**

I planframlegget er gang- og sykkelvegen kombinert med justering av fylkesvegen i svingen ved løa på min eigedom. Dette vil eg gjerne kommentera.

Statens vegvesen har dokumentert at gjennomsnittshastigheten ved Mastrevik og Budalen er høvesvis 41,2 km/t og 53,8 km/t i 50-sonen medan den er 68 km/t i 60-sonen ved Kjelstraumen. Vidare går det fram av planframlegget at fra 1978 til 2015 har det skjedd ca 20 ulukker innanfor planområdet.

Det som er interessant å merke seg i samband med dette, er at ca halvparten av ulukkene er registrert i 60-sonen fra Ulvøy-krysset og til Kjelstraumen bru, noko som tyder på at farten er altfor høg (som også gjennomsnittsmålingene viser). Sjølv har eg registrert at det omtrent dagleg er råkjøring langt over fartsgrensa.

Planframlegget viser i ein illustrasjon at ulukkene i det alt vesentlege ikkje er registrert i svingen ved løa. Eg kjenner til kun eitt tilfelle med biluhell i svingen på grunn av glatt vegbane, men det vil ikkje vera meir enn normalt på ein vanleg rett veg. Svingen er derfor ikkje utsett for ulukkene i 60-sonen (og slett ikkje den høge gjennomsnittshastigheten).

Eg meiner at det på strekningen i 60-sonen er behov for tiltak for å seinka farten, særleg på grunn av den aukande trafikken til og frå Kjelstraumen vertshus og rorbuene. Fartsgrensa bør reduserast til 50 km/t eventuelt også med fartshumpar som for eksempel på fylkesvegen i 50-sonen ved Mastrevik torg enda vegen der er forholdsvis rett. For ikkje å få hyppig skiftande fartsgrensar, bør ein forlenga 50-sonen frå Ulvøy-krysset til Kjelstraumen bru. Dette vil utvilsomt betra trafikktryggleiken.

Det som gjer meg spesielt opprørt i denne saken er at Statens vegvesen planlegg å justere fylkesvegen i svingen ved løa. Inngrepet medfører at ein vesentleg del av terrenget som gjev god skjerming mot trafikkstøy og innsyn vert fjerna. I tidlegare skriv har eg også advart mot dette ved å be om at gang- og sykkelvegen vert lagt til vestsida av fylkesvegen.

Justeringen vil omfatte skjæring i terrenget ved hustomten langs fylkesvegen i ca 100m lengde. Løa og den fine granhekken på ca 60m forsvinn. Avstanden mellom våningshuset og trafikken vert redusert og resultatet dermed auka sjenerande trafikkstøy og innsyn. Den gamle løa har nok "sett sine beste dagar", men her har eg tenkt å selja opp ein garasje.

Eg finn dette inngrepet på eigedomen min heilt urimeleg. Svingen vil fortsatt vera der om enn litt slakkere. Faktisk er ikkje skilnaden stor når ein samanliknar kartbladteikningane for ny trase´og noverande sving. Det ein oppnår med justeringen er ein litt behageligere kjøring gjennom svingen. Trafikktryggleiken vert ikkje betra, snarare tvert imot (inspirerer til større fart). Det er derfor med undring eg ser at planframlegget legg generelt til rette for 60 km/t som dimensjonerande standard og at det vil medføre auka trafikktryggleik. Her er det noko som "skurrar", ref ovannenmde statistikk.



Eg vil også gje uttrykk for at her er det ikkje nytt terreng kor ein kan velja trase' etter vedtatte retningslinjer, men må ta omsyn til eksisterande miljø og utbygging. Underleg er det derfor å registrera at Statens vegvesen legg sin vegnormal til grunn når ein samanliknar kva som kan oppnås med kva tiltaket nødvendigvis må koste av millionar kroner, i tillegg til skjemma og raserande inngrep på hustomten.

Som konklusjon vil eg hevde at hovedsaken er gang- og sykkelveg. Den har eg sett fram til med forventning, men ikkje i kombinasjon med vandalisering på min hustomt. Statens vegvesens planlagte justering av fylkesvegen er korkje nødvendig eller fornuftig og må avvisast.

Eg vonar at kommunen er enig i mi vurdering og "set foten ned" for nemnde prosjekt, slik at min barndomsheim kan skånast.

Friluftsområde på min eigedom har eg tidlegare kommentert i fleire skriv og gitt uttrykk for min motstand. Eg vil her legge til nokre synspunkter i tillegg.


Det ulykksalige i denne saken er at Skjeljevika er planlagt som badeplass - ein badeplass som folk både på Ulvøy og utanfor har dårleg erfaring med. På folkemunne kalt "Ulvøys kaldaste badeplass". I tilknytning til badeplass har ein så funne det formålstenleg å utvikle friluftsområde.

På min eigedom er friluftsområdet lagt til vestsida av fylkesvegen og utgjør ca halvparten av eigedomen. I dette området har eg utført ein heil del rydding for å gjera det attraktivt. Turveg i området i tillegg til gang- og sykkelveg kan eg ikkje sjå behov for og har tidlegare gitt klart uttrykk for dette i skriv datert 02.02.2013. To vegar - fylkesveg og gang- og sykkelveg på den langstrakte eigedomen min får halde!

Eg synes det er svært drastisk å ta den beste og finaste delen av eigedomen til friluftsmål. Denne eigedomen er min "Solkyst". Sidan eigedomen er LNF-område, har alle adgang, og det trengs derfor ikkje noko sikring for friluftsmål.

For ytterlegare kommentarer viser eg til tidlegare skriv.

Med helsing

  
Nils O Knutsen

### **Merknadshandsaminga etter offentlig ettersyn:**

Denne merknaden vart grundig handsama i samband med at detaljreguleringa vart sendt ut på første gongs offentlig ettersyn av formanskapet den 08.06.2016. Merknaden hans vart saksutgreia på vanleg måte i samband med at detaljreguleringa skulle opp som sak til formannskapet og så vidare til det endelege godkjenningsvedtaket i kommunestyret den 15.09.2016. Rådmannen vil vise til det som står i saksutgreiinga til kommunen om merknaden frå Nils O. Knutsen datert 08.08.2016 etter første gongs offentlig ettersyn, og korleis Austrheim kommune vurderte denne:

***Nils O. Knutsen, grunneigar på gbnr. 144/1 på Ulvøy*** skriv i sin merknad datert 08.08.2016 at farten på bilar i snitt er alt for høg i 60 km sona frå Ulvøy-krysset og til Kjelstraumen bru. Her køyrer dei mykje fortare enn fartsgrensa. Her er det og mange ulykker, skriv han. Han skriv at svingen ved løa hans ikkje er utsett for ulykker. Nils O. Knutsen vil ha redusert fartsgrensa til 50 km i timen, gjerne fartsdumpar. Knutsen er «opprørt» på at fylkesvegen er justert svingen ved løa hans, det vil føra at

ein i dag god skjerming mot støy og innsyn vert fjerna. Løa og den fine granhekk på ca 60 meter forsvinn, skriv Knutsen. Avstanden mellom våningshuset og trafikken vert redusert. Han ynskjer og gang- og sykkelvegen på vestsida av fylkesvegen her. Der den gamle løa er i dag, har Nils O. Knutsen tenkt å setja opp ein garasje. Han finn inngrepet som planen legg opp til på sin eigedom som urimleg. Han meiner at ein meir «behageleg køyring» i svingen her vil føra til større fart ved hans eigedom. Han ser med undring at planframlegget legg opp til 60 km/t dimensjonerande standard. Han meiner at ein må ta omsyn eksisterande miljø og utbygging. Knutsen skriv at hovudsaken er gang- og sykkelvegen og den ser han fram til med forventning, men ikkje i kombinasjon med vandalisering av hans hustomt. Han skriv at Statens vegvesen sin planlagte justering av fylkesvegen er verken naudsynt eller fornuftig og må avvisast. Nils O. Knutsen ynskjer at hans barndomsheim kan skånast.

Nils O. Knutsen viser til tidlegare kommentarar til friluftsområde på sin eigedom gbnr. 144/1. Han har nokre synspunkt i tillegg no. Den planlagte badeplassen Skjeljevika er «Ulvøys kaldaste bade plass». Knutsen ser ikkje behov for både turveg og gang- og sykkelveg på sin eigedom. Han skriv at: « To vegar – fylkesveg og gang- og sykkelveg på den langstrakte eigedomen min får halde.» Han skriv vidare at: «Denne eigedomen er min Solkyst.» Knutsen synes det er drastisk å ta den beste og finaste delen av eigedomen til friluftsmål. Han skriv at sidan eigedomen er LNF-område har alle adgang her, og det trengst difor ikkje noko sikring for friluftsmål.

#### **Austrheim kommune sin kommentar:**

Austrheim kommune har lagt vegnormalane til Statens vegvesen til grunn i planarbeidet . Det gjeld og planløyisingane knytt opp til svingen ved Nils O. Knutsen sin eigedom på gbnr. 144/1. Det gjer det difor vanskeleg å flytta den planlagte vegen lengre mot vest, slik han tek opp i sin merknad. Dersom det hadde vorte gjort hadde me fått motsegn mot planen frå Statens vegvesen eller frå Hordaland fylkeskommune som og handsamar fråvikssøknadar (fråvik frå vegnormalen). Når det gjeld fartsgrense i dette området så er det ei eige sak som vert teke opp etter veglova, det er ikkje eit tema i plansaker. Det vert skrive eigen avtale mellom grunneigar og Statens vegvesen i samband med utbygging og utbetring av FV. 565 når den tid kjem. Garasje kan truleg byggjast om Knutsen ynskjer det ved løegrunden, men då lengst mogeleg vekke frå den planlagte framtidige fylkesvegen. Det er og mogeleg å skåna Knutsen sin barndomsheim her ved å ta gode omsyn i anleggsfasen og byggja ut vegen her på ein skånsom måte. Austrheim kommune tek merknaden til Nils O. Knutsen til orientering her.

Austrheim kommune synes det er viktig å planleggja og sikra eit framtidig friluftsområde på Ulvøy. Det er relativt kort avstand til skular og området ligg sentralt i Austrheim kommune. Å leggja til rette for ein strandveg i tillegg til gang- og sykkelveg ved fylkesvegen her vil og gjera området meir attraktivt å nytta for både gåande og syklende over Ulvøy. Turvegen kan og brukast som landbruksveg/skogsveg om ynskjeleg. Kortid dette friluftsområdet vert realisert er usikkert, og det er naturleg at grunneigar og kommunen i god forståing og respekt legg opp eit løp her som tener både grunneigar og ålmenta på ein god måte. Eigedom gbnr. 144/1 er i dag brukt som fritidseigedom. Austrheim kommune eller det offentlege kan uansett ikkje gjera noko tiltak her utan heimel eller avtale med grunneigar. Austrheim kommune tek merknaden til Nils O. Knutsen til orientering når det gjeld synet på det planlagte friluftsområdet her.

#### **Vurdering:**

Rådmannen skal mellom anna vurderer klagen ut frå forvaltningslova § 33 og god forvaltningsskikk. Forvaltningsloven § 17 slår fast at før et vedtak treffes, så skal forvaltningsorganet påse at saken er

«så godt opplyst som mulig». Rådmannen meiner at Austrheim kommune i denne detaljreguleringa har passa godt på at reguleringsplansaka har vore så godt opplyst som mogeleg før vedtak er truffe, og at dette er gjort i samsvar med forvaltingslova § 17. Før kommunestyret den 15.09.2016 gjorde sitt endelege vedtak om å godkjenna detaljreguleringa var klagar sine synspunkt når det gjeld sitt syn på sin reguerte eigedom når det gjeld den planlagte vegen med gang- og sykkelveg i detaljreguleringa godt kjent både i administrasjonen og hjå politikarane i Austrheim kommune.

Rådmannen synes at denne detaljreguleringa var viktig å få på plass for på sikt å kunne betra trafikktryggleiken i planområdet langs Fv. 565. Rådmannen har i planprosessen teke merknadane frå både private og offentlege til orientering. Rådmannen vil peike på at i den formelle planprosessen har klagar tidlegare levert inn merknad til Austrheim kommune. Kommunepolitikarane har difor i tidlegare møte drøfta tema som klagar i dette klageskrivet tek opp. Merknaden til Nils O. Knutsen som er datert 28.08.2016 vart som vist over vart grundig handsama under **Austrheim kommune sin kommentar**: Det har ikkje vore formålstenleg å gjera noko endringar på plankartet eller i reguleringsføresegnene på hans eigdom sidan detaljreguleringa var på offentleg ettersyn. Rådmannen vil peike på at eksisterande vegstandard og manglande tilbod til mjuke trafikantar i planområdet var hovudårsaka til at planarbeidet vart sett i gang, detaljreguleringa har stor offentleg interesse. Samarbeidet med private grunneigarar og kommunen har vore god i heile planprosessen, men det at planarbeidet har skjedd i tråd med vegnormalane til Vegdirektoratet gjer at det er vanskeleg å ta «private omsyn». Rådmannen vil peike på at Austrheim kommune har følgd opp pbl. § 1.4 om kommunen si samarbeidsplikt i denne plansaka på ein god måte.

Rådmannen synes det er positivt at sakshandsamar har hatt fleire møte med grunneigarar Nils O. Knutsen for å drøfta tema som omhandlar denne detaljreguleringa og klagen her. Rådmannen vil peike på at det er halde to folkemøte om planarbeidet, dette både i ein tidleg planfase og at det i samband med offentleg ettersyn vart arrangert eit nytt folkemøte den 15 juni 2016. Rådmannen meiner at planarbeidet som er gjort har vore i tråd med intensjonane i Plan- og bygningslova og forvaltingslova når det gjeld involvering og medverknad.



#### Foto og kart over løa til Nils O. Knutsen i svingen på Fv. 565

Rådmannen vil peike på at gang- og sykkelvegen er planlagt med 3 meter grøft som trafikkskille mellom bilvegen og gang- og sykkelvegen. Kurvaturen til det framtidige veganlegget gjer at veganlegget med gang- og sykkelveg er regulert slik det er gjort på Ulvøy. Å endra dette ved eigedomen til Nils O. Knutsen er difor ikkje mogeleg, og det vil vera i strid med vegnormalane og dei klare råda/føringane frå Statens vegvesen i saka. I detaljreguleringa er denne staden som Knutsen tek opp avsett til køyreveg med gang- og sykkelveg og annan veggrunn. Rådmannen vil peika på at Austrheim kommune måtte leggja vegnormalane til Statens vegvesen til grunn i planarbeidet. Det gjeld og planløysingane knytt opp til svingen ved Nils O. Knutsen sin eigedom på gbnr. 144/1. Det

gjer det difor vanskeleg å flytta den planlagte vegen lengre mot vest, slik han tek opp i sin klage. Dersom dette hadde vorte gjort hadde me fått motsegn mot planen frå Statens vegvesen eller frå Hordaland fylkeskommune som og handsamar fråvikssøknadar (fråvik frå vegnormalen). Då hadde Austrheim kommune ikkje kunne godkjent detaljreguleringa formelt. Rådmannen vil peike på at når det gjeld fartsgrense i dette området så er det ei eige sak som vert teke opp etter veglova, det er ikkje eit tema i denne klagesaka. Rådmannen ser ikkje at det er mogeleg å planleggja på annan måte enn kva som er gjort her for å få på plass ein framtidsretta køyreveg med gang- og sykkelveg og som er i tråd med vegnormalane. Rådmannen meiner at det av den grunn ikkje er mogeleg å koma klagar i møte her. Denne saka og tema i klagen er gjennomdrøfta grundig i planprosessen og konklusjonar er teke her etter fleire drøftingsmøte mellom ulike offentlege instansar.

Rådmannen vil peika på at ein eventuell erstatning og avtale om grunnerverv vil vera ei sak Statens vegvesen tek seg av når den tid kjem at det nye veganlegget over Ulvøy er finansiert. Då vert og tema som redusert tomteverdi og andre ulempe av det nye veganlegget vurdert. Rådmannen vil peike på at utbetring av vegen på Ulvøy truleg er den siste traseen som vert finansiert i denne detaljreguleringa, og at det truleg vert ein del år framover dette vil koma på plass. Rådmannen synes det er positivt at detaljreguleringa har klart å få planlagt ein gang- og sykkelveg på same side av fylkesvegen frå krysset i Mastrevik og heilt til brua i Kilstraumen. Då er det mogeleg å ferdast her trygt for gåande- og syklande utan å kryssa fylkesvegen. Rådmannen meiner at det er gjort gode vurderingar i samband med planarbeidet på kva side av fylkesvegen gang- og sykkelvegen bør ligge på, det gjeld og ved Nils O. Knutsen sin eigedom. Dette kjem fram i planskildringa på side 25 under overskrifta «**Alternativvurdering**». Rådmannen meiner dette momentet i klagen og er grundig handsama i samband med offentlig ettersyn og i godkjenningsvedtaket i kommunestyret.

Rådmannen meiner difor at det er ingen nye moment i klagen til Nils O. Knutsen som ikkje er vorte drøfta grundig tidlegare i planprosessen i samband med første gongs offentlig ettersyn og/eller i samband med vedtaket fatta i kommunestyret den 15.09.2016. Klagar sitt syn var kjent og drøfta administrativt og politisk før endeleg vedtak vart gjort her. Rådmannen opplyste i møte i kommunestyret den 15.09.2016 om klagar sin merknad til detaljreguleringa. Rådmannen vil peike på at det klagar har teke opp i sin merknad tidlegare såleis har vorte omtala og teke opp grundig i saksutgreiinga i samband med at detaljreguleringa skulle opp til endeleg politisk godkjenning. Kommunestyret stemde her samrøystes for formannskapet si samrøystes innstilling og godkjente detaljreguleringa på vanleg måte. Rådmannen meiner at detaljreguleringa som no er godkjent på ein balansert måte veg interessene mellom grunneigarar og andre partar og interesser i planområdet.

Rådmannen meiner at det ikkje er nokon nye moment i klagen til Nils O. Knutsen som ikkje var kjent frå før i saka. Rådmannen rår difor etter ei samla vurdering formannskapet i Austrheim til ikkje å ta klagen frå Knutsen til følgje, og rår til at formannskapet stadfester vedtak om godkjenning av **“Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy”** gjort i kommunestyret den 15.09.2016. Rådmannen vil peika på at dette vedtaket vert heimla i forvaltningslova § 33. Rådmannen vil opplysa at om vedtaket vert slik rådmannen tilrår så vert klagen til Nil O. Knutsen sendt vidare til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

## Konklusjon:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Nils O. Knutsen til følgje. Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om godkjenning “Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy” gjort i kommunestyret den 15.09.2016 .





## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
131/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L13, PlanID - 12642014005	14/575

### Klage på godkjent "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" (Arealplanid. 2014005).

#### Vedlegg:

Klage på detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - godkjenning  
DetaljreguleringR01-1

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Paul Willy Bakke til følge.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om godkjenning "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" gjort i kommunestyret den 15.09.2016 .

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

#### Saksopplysninger:

Austrheim kommunestyre godkjente i møte den 15.09.2016 (sak 086/16) "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy". Plankart og reguleringsføresegner er datert 29.04.2016. Vedtaket var heimla i plan- og bygningslova §12-12. Planområdet er frå avkøyringa til Austrheim vidaregåande skule i Mastrevik og langs Fylkesveg 565 til brua ved Kilstraumen. Strekninga på om lag 3,6 km er prioritert i trafikksikringsplanen til Austrheim.

Planvedtaket der detaljreguleringa vart godkjent av kommunestyret vart kunngjort på vanleg måte i lokalaviser og på heimesida vår, og både offentlege, grunneigarar i planområdet og partar i saka vart tilskrivne om vedtaket i eige skriv frå Austrheim kommune datert 03.10.2016. Der vart det opplyst at kommunestyret sitt vedtak kunne påklagast, jfr. Pbl . § 1-9 og Forvaltningslova § 28. Eventuell klage skulle vera grunngjeven og sendast skriftleg innan 8. november 2016 til Austrheim kommune. Paul Willy Bakke sin klageskriv med 1. vedlegg som er datert 12.10.2016 er formulert slik:


Viser til plantegning ved Renningbro sydside, der min sjø tomt blir redusert i areal p.g.a Gang sykkelveg Mastrevik – Kilstraumen.

For at sjøtomten ikke skal bli redusert til det ubrukelige, finner jeg det ønskelig at kommunen/veikontoret reduserer bredden på tenkt areal til gang/sykkelveg areal, til samme arealbredde som er på nordsiden av vegen ved Renningen bro/veg.

En finner at om en kan trekke grenselinje mellom sjø eiendom og gang/sykkel veg så mye som akseptabelt ( gjerne ved hjelp av dispensasjon) mot nord (mot gang- sykkel veg) som dette er mulig.

Ser at dette kan være den mest smidige og beste utnyttelse av arealet på for alle parter. Da unngår man å få et areal i en dødsone som ikke er anvendelig til noe, som ingen kan nytte gjøre seg av.

Mvh



Paul Willy Bakke

1 Vedlegg

#### Vedlegg til klagen:

14-October-2016



1.Fylkesveg ved sjøtomt 2.LNF-område på sjøtomt 3.Flyfoto av sjøtomt 4.Plankart ved sjøtomt

FORSLAG TIL AREAL: SJØTOMT q6nr. 145/35  
GANG-SYKKELVEG RENNINGEN

Austrheim kommune sitt formannskap vedtok den 08.06.2016 (saksnr 074/16) å leggja detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy med planid. 2014005 ut på offentlig ettersyn. Plankart og reguleringsføresegner var datert 29.04.2016, planskildringa var datert den 03.05.2016. Merknadar til planforslaget måtte sendast innan 8. august 2016. Alle grunneigarane og offentlege instansar vart tilskrivne i brev datert 14.06.2016 om denne detaljreguleringa og høyringsfristen. Det kom inn privat merknad frå Paul Willy Bakke. Hans merknad som var datert 08.07.2016 med kartskeisse og foto var formulert slik:

Denne merknaden vart grundig handsama i samband med at detaljreguleringa vart sendt ut på første gongs offentleg ettersyn av formanskapet den 08.06.2016. Merknaden hans vart saksutgreia på vanleg måte i samband med at detaljreguleringa skulle opp som sak til formannskapet og så vidare til det endelege godkjenningsvedtaket i kommunestyret den 15.09.2016. Rådmannen vil vise til det som står i saksutgreiinga til kommunen om merknaden frå Paul Willy Bakke datert 14.07.2016 etter første gongs offentleg ettersyn, og korleis Austrheim kommune vurderte denne:


**Saksutgreiinga var:**

**Paul Willy Bakke, grunneigar på gbnr. 145/35** skriv den 14.07.2016 at det meste av hans sjøtomt vil verta dekkja av fyllmassar av planlagt gang- og sykkelveg og såleis vil verta ubrukeleg til sitt føremål. Han skriv og at sidan breidda på sundet i Renningen vil verta mindre vil det føra til at sikta for båttrafikken i området vert kraftig redusert i begge retningar. Han har lagt ved teikningar på foto der han har teikna inn forslag på korleis «*disse uheldige foretak kan unngås*». Han skreiv i sin merknad datert 14.07.2016 følgjande:

**Austrheim kommune sin kommentar:**

Austrheim kommune har lagt vegnormalane til Statens vegvesen til grunn i planarbeidet . Det gjeld og planløyisingane for ei framtidssretta køyrebru med gang- og sykkelveg over sundet i Renningen. Me ser at sundet i Renningen vil verta smalare og at det kan føra til at sikta for båttrafikken i området vert redusert noko. Austrheim kommune vil her visa til merknad frå BOH der dei skriv at dei på dette stadiet ikkje kan sjå at planen vil koma i konflikt med dei interesser som BOH skal ivareta, me er samd med BOH her. Austrheim kommune vil og peike på søknadsplikta etter hamne- og farvannslova på tiltaket her før planlagt tiltak i sundet ved Renningen kan gjennomførast. Då vil

omsyn til ferdselen på sjøen og tilflottrett med meir verta vurdert.



#### 1.Fylkesveg ved sjøtomt 2.LNF-område på sjøtomt 3.Flyfoto av sjøtomt 4.Plankart ved sjøtomt

Austrheim kommune ser at hans sjøtomt vil verta dekkja av fyllmassar og såleis truleg vil verta ubrukeleg til sitt føremål. Denne sjøtomten på 178 m<sup>2</sup> er i arealdelen av kommuneplanen avsett som eit LNF-område i gjeldande kommuneplan som vart godkjent av kommunestyret den 27.06.2007. Den vart frådelt i 1994. Tomten ligg på det nærmaste om lag 5 meter frå fylkesveg 565 og lengst vekk frå eksisterande fylkesveg er tomten om lag 16 meter frå kant veg. Austrheim kommune vil peika på det generelle byggjeforbodet i strandsona i LNF-område, men og at byggjeforbodgrensa mot fylkesveg er 50 meter i Austrheim kommune. Det er berre Statens vegvesen som kan gjeva dispensasjon frå denne byggjegransa. I detaljreguleringa er denne sjøtomten avsett til køyreveg med gang- og sykkelveg og annan veggrunn. Austrheim kommune ser ikkje at det er mogeleg å planleggja på annan måte enn kva som er gjort her for å få på plass ein framtidsretta køyreveg med gang- og sykkelveg og som er i tråd med vegnormalane. Eventuell erstatning og avtale om grunnerv vil vera ei sak vegvesenet tek seg av når den tid kjem at det nye veganlegget ved Renningen er finansiert. Austrheim kommune tek elles merknaden til Paul Willy Bakke til orientering.

### Vurdering:

Rådmannen skal mellom anna vurderer klagen ut frå forvaltningslova § 33 og god forvaltningsskikk. *Forvaltningsloven § 17 slår fast at før et vedtak treffes, så skal forvaltningsorganet påse at saken er «så godt opplyst som mulig».* Rådmannen meiner at Austrheim kommune i denne detaljreguleringa har passa godt på at reguleringsplansaka har vore så godt opplyst som mogeleg før vedtak er truffe, og at dette er gjort i samsvar med forvaltningslova § 17. Før kommunestyret den 15.09.2016 gjorde sitt endelege vedtak om å godkjenna detaljreguleringa var klagar sine synspunkt når det gjeldt sitt syn på sin reguerte eigedom når det gjeldt den planlagte vegen med gang- og sykkelveg i detaljreguleringa godt kjent både i administrasjonen og hjå politikarane i Austrheim kommune.

Rådmannen synes at denne detaljreguleringa var viktig å få på plass for på sikt å kunne betra trafikktryggleiken i planområdet langs Fv. 565. Rådmannen har i planprosessen teke merknadane frå både private og offentlege til orientering. Rådmannen vil peike på at i den formelle planprosessen har klagar tidlegare levert inn merknad til Austrheim kommune. Kommunepolitikarane har difor i tidlegare møte drøfta tema som klagar i dette klageskrivet tek opp. Alle merknadar, også Paul Willy Bakke sin datert 14.07.2016 vart som vist over vart grundig handsama under **Austrheim kommune sin kommentar**: Det har ikkje vore formålstenleg å gjera noko endringar på plankartet eller i reguleringsføresegnene på hans eigdom sidan detaljreguleringa var på offentleg ettersyn. Rådmannen vil peike på at eksisterande vegstandard og manglande tilbod til mjuke trafikantar i planområdet var hovudårsaka til at planarbeidet vart sett i gang, detaljreguleringa har stor offentlig interesse. Samarbeidet med private grunneigarar og kommunen har vore god i heile planprosessen, men det at planarbeidet har skjedd i tråd med vegnormalane til Vegdirektoratet gjer at det er

vanskeleg å ta «private omsyn». Rådmannen vil peike på at Austrheim kommune har følgd opp pbl. § 1.4 om kommunen si samarbeidsplikt i denne plansaka på ein god måte.

Rådmannen synes det er positivt at sakshandsamar har hatt fleire møte med grunneigarar for å drøfta tema som omhandlar denne detaljreguleringa og klagen her. Rådmannen vil peike på at det er halde to folkemøte om planarbeidet, dette både i ein tidleg planfase og at det i samband med offentleg ettersyn vart arrangert eit nytt folkemøte den 15 juni 2016. Rådmannen meiner at planarbeidet som er gjort har vore i tråd med intensjonane i Plan- og bygningslova og forvaltingslova når det gjeld involvering og medverknad.

Rådmannen vil peike på at gang- og sykkelvegen er planlagt med 3 meter grøft som trafikkskille mellom bilvegen og gang- og sykkelvegen. På delar av strekninga er det med omsyn til arealknappheit planlagt med 1,5 meter trafikkskille. Å gjera den smalare ved eigedomen til Paul Willy Bakke er difor ikkje mogeleg. Rådmannen ser at hans sjøtomt vil verta dekkja av fyllmassar og såleis truleg vil verta ubrukeleg til sitt føremål. Denne sjøtomten på 178 m<sup>2</sup> er i arealdelen av kommuneplanen avsett som eit LNF-område i gjeldande kommuneplan som vart godkjent av kommunestyret den 27.06.2007. Den vart frådelt i 1994. Tomten ligg på det nærmaste om lag 5 meter frå fylkesveg 565 og lengst vekke frå eksisterande fylkesveg er tomten om lag 16 meter frå kant veg. Austrheim kommune vil peika på det generelle byggjeforbodet i strandsona i LNF-område, men og at byggjeforbodgrensa mot fylkesveg er 50 meter i Austrheim kommune. Det er berre Statens vegvesen som kan gjeva dispensasjon frå denne byggjegrensa. I detaljreguleringa er denne sjøtomten til Bakke avsett til køyreveg med gang- og sykkelveg og annan veggrunn. Rådmannen ser ikkje at det er mogeleg å planleggja på annan måte enn kva som er gjort her for å få på plass ein framtidsretta køyreveg med gang- og sykkelveg og som er i tråd med vegnormalane. Rådmannen vil peika på at ein eventuell erstatning og avtale om grunnverv vil vera ei sak vegvesenet tek seg av når den tid kjem at det nye veganlegget ved Renningen er finansiert.

Rådmannen synes det er positivt at detaljreguleringa har klart å få planlagt ein gang- og sykkelveg på same side av fylkesvegen frå krysset i Mastrevik og heilt til brua i Kilstraumen. Då er det mogeleg å ferdast her trygt for gåande- og syklande utan å kryssa fylkesvegen. Rådmannen meiner at det er gjort gode vurderingar i samband med planarbeidet på kva side av fylkesvegen gang- og sykkelvegen bør ligge på, det gjeld og ved Bakke sin eigedom. Dette kjem fram i planskilddinga på side 25 under overskrifta «**Alternativvurdering**».

Rådmannen meiner difor at det er ingen nye moment i klagen til Bakke som ikkje er vorte drøfta grundig tidlegare i planprosessen i samband med første gongs offentleg ettersyn og/eller i samband med vedtaket fatta i kommunestyret den 15.09.2016. Klagar sitt syn var kjent og drøfta politisk før endeleg vedtak vart gjort her. Rådmannen opplyste i møte i kommunestyret den 15.09.2016 om klagar sin merknad til detaljreguleringa. Rådmannen vil peike på at det klagar har teke opp i sin merknad tidlegare såleis har vorte omtala og teke opp grundig i saksutgreiinga i samband med at detaljreguleringa skulle opp til endeleg politisk godkjenning. Kommunestyret stemde her samrøystes for formannskapet si samrøystes innstilling og godkjente detaljreguleringa på vanleg måte. Rådmannen meiner at detaljreguleringa som no er godkjent på ein balansert måte veg interessene mellom grunneigarar og andre partar og interesser i planområdet.

Rådmannen meiner at det ikkje er nokon nye moment i klagen til Paul Willy Bakke som ikkje var kjent frå før i saka. Rådmannen rår difor etter ei samla vurdering formannskapet i Austrheim til ikkje å ta klagen frå Paul Willy Bakke til følgje, og rår til at formannskapet stadfester vedtak om godkjenning av **“Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy”** gjort i kommunestyret den 15.09.2016 . Rådmannen vil peika på at dette vedtaket vert heimla i forvaltningslova § 33. Rådmannen vil opplysa at om vedtaket vert slik rådmannen tilrår så vert klagen

til Bakke sendt vidare til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**Konklusjon:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Paul Willy Bakke til følge. Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om godkjenning "Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy" gjort i kommunestyret den 15.09.2016 .

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
132/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	PlanID - 12642005003, Plannavn - Søre Neset, Komnr - 1264, Gbnr - 147/2, FA - L12	16/552

### Planendring for detaljregulering "Søre Neset", planid. 2005003 i Austrheim kommune

#### Vedlegg:

Planendring på detaljregulering Søre Neset

2016003 - Planendring på detaljregulering Søre Neset

Plankart reguleringsendring

Uttale - gbnr 147/2 - Toftegård - Søre Neset - mindre endring av reguleringsplan

Uttale - Oppstartsmelding - Austrheim - Gnr 147 bnr 2 - Toftegård - Søre neset - Boligformål - Mindre endring av reguleringsplan

Fråsegn til oppstart av mindre endring i reguleringsplan - Søre Neset

Merknad vedr. endring av reguleringsplan - Søre Neset

Mindre planendring av reguleringsplan - Søre Neset

Merknad frå Magnar Fagerbakke - endring av plan Søre Neset

Merknad frå NGIR - endring av plan Søre Neset

Merknadsskjema - mindre endring - føresegner til reguleringsplan Søre Neset

#### Framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 vedtek formannskapet på vilkår å senda planendring for «Detaljregulering «Søre Neset» med planid 2005003 til offentlig ettersyn. Plankart er datert 13.10.2016 og føresegner som er revidert er datert 10.10.2016. Vilkåret er at føresegn § 6 vert retta opp slik før planendringa vert sendt på offentlig ettersyn:

#### **-§ 6 UTBYGGINGSREKKJEFØLGJE.**

*To nye busslommer med tilhøyrande fortau som vist i godkjent «Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy» (arealplanid. 2014005) må vere etablerte før det kan gjevast igangsettingsløyve til nye bustader i planområdet. For fortau på austsida av vegen gjeld kravet frå og med busslomma for bustadfeltet og t.o.m den gamle avkøyringa som skal stengjast. For vestsida gjeld kravet f.o.m busslomma vis à vis utkøyrsla frå bustadfeltet og t.o.m innkøyrsla til Toftegårds-krysset. Dersom busslommer, veganlegg og fortau er sikra opparbeid i tråd med detaljregulering for gang og sykkelveg Mastrevik – Kilstraumen, gjennom avtale med Statens Vegvesen og Austrheim Kommune kan det gjevast igangsettingsløyve til nye bustadar i planområdet.*



## Saksopplysninger:

Austrheim kommune har no fått tilsendt eit planframlegg frå verksemda Arkoconsult AS for planendring for Detaljregulering «Søre Neset» med planid 2005003. Forslagstillar er Rili Eiendom AS. Planområdet for planendringa er i nokolunde i samsvar tidlegare reguleringsplan som vart godkjent den 29.06.2005 i dette området, men det som gjeld FV. 565 med gang og sykkelveg er ikkje med i denne reguleringsplanen sidan dette veganlegget er kome med i den nye detaljreguleringa for gang og sykkelveg Kilstraumen-Mastrevik. Austrheim kommunestyre godkjente i møte den 15.09.2016 (sak 086/16) **“Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy”** (arealplanid. 2014005). Planområdet i den reguleringsplanen er frå avkøyringa til Austrheim vidaregåande skule i Mastrevik og langs Fylkesveg 565 til brua ved Kilstraumen. Det har gjort at dette veganlegget ikkje var naudsynt å ha med i planendringa for Søre Neset.

Planleggjar skriv at den gamle reguleringsplanen for Søre Neset er vurdert til å vere utdatert og ikkje i samsvar med dagens overordna planer i høve til utnytting, byggjehøgder og ønskje om fortetting i område med tilfredstillande infrastruktur. Planendringane i «Sører Neset»omfattar i hovudsak større utnyttingsgrad på bustadområda og detaljregulera det interne veganlegget slik at området vert trafiksikkert og funksjonelt for alle. Planleggjarfirmaet skriv dette i samband med oppstartvarsel:

Endring av føresegner for reguleringsplan for Søre Neset er vedrørende:

- Byggjehøgde og etasjetal
- Tomannsbustader
- Utnyttingsgrad.

Utnyttingsgrad har BRA=30% i planframlegget mot utnyttingsgrad TU 20% i den eldre reguleringsplanen. Det gjer at det kan byggjast fleire tomannsbustadar i dette bustadfeltet. Føresegn § 2.2.2, § 2.2.3, § 3.1.2 og § 3.1.4 er difor endra noko. Plankart er justert i forhold til desse tilhøva og utnyttingsgrad og høgde på bygg er påført plankartet.

Planleggjar skriv dette i samband med oppstartvarselet:

### **Byggjehøgde og etasjetal**

*Gjeldande reguleringsplan er frå 2005 og begrenser antal etasjar til 1, eventuelt 1 + underetasje. Det er også sett ein maks bygningshøgde på 6,3 m over ok golv 1. etg. Å auke denne med 1,2 m til 7,5 m vil gjere det mogleg å få ein brukbar 2. etasje med relativt liten auke i maks byggjehøgde for bygga. Fleire av tomtane er allereie planert og planeringa er i mange tilfelle 0,5 – 1 m lågare enn den planeringshøgda plankartet viser. I dei fleste tilfella ligg også desse tomtane aust og nordaust for eksisterande naboer og har omtrent same planeringshøgde. Dvs at det i praksis vil bety lite/ingenting i høve til utsikt og soltilhøve at maks byggjehøgde aukast med 1,2 m (reell auke vert gjerne mellom 0,5 – 1 m). Elles er det også sikra at bygga skal ha maks 2 etasjar totalt, dvs anten 1. og 2. etasje eller 1. og underetasje.*


### **Tomannsbustader**

*Det er i dag allereie gjeve disp. på bygging av tomannsbustader på tomt 1 – 4. Endring/tilleggsdel av føresegnen vil opne for at ein kan byggje desse utan disp. (om dei må byggast opp att etter til dømes brann el.lign.).*


### **Utnytting, %BRA**

*Gjeldande plan set grense for bruksareal til %BRA = 20% for bustader innan planområdet.*

*Dette vert i dag vurdert til å vere noko lite med tomter på rundt 1 daa når ein skal ha med parkering/garasje og eventuelt utleigebustad. Det har difor vore gjeve disp. på ein del av bustadene i feltet. Med ein endring frå %BRA = 20% til 30% vil ein i stor grad unngå disp.søknadar i framtida.*




**Gamalt plankart (aust)**




**Nytt plankart (aust)**




Gamalt plankart (vest)



Nytt plankart (vest)



Gamalt plankart (sør)



Nytt plankart (sør)

Offentlege instansar og partar i planområdet er vorte verta varsla om oppstarten på vanleg måte av veksemda Arkoconsult AS. Dette har skjedd i tråd med plan- og bygningslova sitt lovverk. Høyringsfrist var den 30.06.2016. Det har kome fire merknadar til oppstart med planendringa. Planleggjar har kommentert desse. Merknadane er frå:

**Fylkesmannen i Hordaland, merknad datert den 16.06.2016:** Han skriv at endringane gjeld føresegnene, og dreier seg om byggjehøgde, etasjetal, tomannsbustader og utnyttingsgrad. Fylkesmannen har ingen merknadar til sjølve endringane, men han meiner at det bør vere samsvar mellom kart og føresegner for å unngå mistydingar. Fylkesmannen meiner derfor at plankartet bør endrast slik at det ikkje viser forhold som ikkje er gjeldande.



**Planleggjar:** Planleggjar har teke merknaden til etteretning og endra plankart i forhold til faktiske tilhøve og endringane i føresegnene. Planleggjar har levert kart i samsvar med SOSI standard.

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune ser at planleggjar har teke merknaden til etteretning. Plankart er oppdatert i forhold til faktiske tilhøve og er tilpassa endringane i føresegnene. Merknaden vert teke til etteretning.

**Hordaland Fylkeskommune, datert 25.05.2016:** Hordaland fylkeskommune har ingen merknader eller innvendingar til planendringa i samband med varsel om oppstart av planarbeidet. Dei skriv at det er viktig at føresegn og endringar tek omsyn til eksisterande bustadar i feltet.

**Planleggjar:** Planleggjar skriv at dei har gjort justeringar i høve merknad frå nabo, dei viser til at planforslaget har teke omsyn til eksisterande bustadar i området. Merknad er teke til etteretning.

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune synes planleggjar har løyst merknaden på ein god måte-. Austrheim kommune tek merknaden til etteretning.

**NGIR, datert 25.05.2016:** NGIR opplyser i sin merknad om rettar og reglar knytt til henting av avfall og renovasjonsordningen i Nordhordland.

**Planleggjar:** Planleggjar skriv at planforslaget ikkje har nokon endring i renovasjonsløyninga. Merknad er teke til etteretning.

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

**Magnar Fagerbakke, datert 01.06.2016.** Fagerbakke som er grunneigar på gbnr. 147/28 går imot at bygningshøgde vert endra frå 6,3 m til 7,5 m. Dette gjeld spesielt for tomtane vest og sør for gnr. 147, bnr. 28.

**Planleggjar:** Planleggjar skriv at føresegner er endra til at tomt 1, 2 og 3 beheld maks bygningshøgde på 6,3 m (same som i gjeldande føresegner). For resterande tomter innan planområdet vert det 7,5 m. Fagerbakke har akseptert dette, skriv planleggjar.

**Austrheim kommune sin kommentar:** Austrheim kommune er glad for at planleggjar har funne ei løysing som Fagerbakke har akseptert. Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

## Vurdering:

### Vurdering etter Naturmangfaldlova:

Området ligg inne i eit allereie utbygd område og dei areala som er omfatta av reguleringsendringane er i dag i bruk til same føremål. Reguleringsendringa fører ikkje til store endringar i bruken av området. Endringane vill ikkje ha nokon endra verknad på naturområdene rundt. Det betyr at naturmangfaldet ikkje vert råka vesentleg når det gjeld naturtype. I høve til Artskart 1.5 til Artsdatabanken og nettstaden naturbase.no til Direktoratet for naturforvaltning er det ikkje

registrert observasjonar av trua eller prioriterte artar i det området som blir rørt av reguleringsendringa. Dermed er det heller ikkje påvist mulige effektar av tiltaket på naturmangfald. Kravet i § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt. Rådmannen meiner at i og med at naturmangfald i liten grad rørast av tiltaket og det ikkje kan påvisast effektar av tiltak på verdifull natur vert det lagt til grunn at det ikkje er naudsynt å foreta vurderingar etter de andre miljøprinsippa i Naturmangfaldlova §§ 9-12.

#### **Vurderingane etter plan- og bygningslova:**

Rådmannen synes at merknadane som har kome inn har vore gode og konstruktive. Forslagstillar sin kommentar (løysing) til merknad og innspel, datert 06.07.2016 synes rådmannen er tilfredstillande og han viser elles til Austrheim kommune sin kommentar på kvar enkelt av desse innspela. Rådmannen synes det er positivt å få på plass ein planendring i «Reguleringsplanen for Søre Neset» som vart godkjent i 2005. Rådmannen ser at ei planendringa er viktig for å få på plass ein oppdatert arealbruk her som i dag er er meir formålsteneleg for ei god vidareutvikling i dette bustadområdet. Planforslaget gjer at fleire unge og folk i etableringsfasen kan få rimlegare bustadar i Austrheim kommune. Rådmannen vil peike på at innspela i samband med oppstartvarselet har planleggjar teke omsyn til, plankart er oppdatert og føresegner tek omsyn til eksisterande bustadar i området. Formålet til forslagstillar har heile tida vore er å leggja til rette for ei god utvikling av området. Plankart er datert 13.10.2016 og føresegner som er revidert er datert 10.10.2016 har på ein god måte teke viktige omsyn. Rådmannen synes at forslag til planendringar oppsummert sett har fått til dette:

- Lagt til rette for å få på plass varierte og rimlegare bustadar i planområdet. (høgare utnyttingsgrad).
- Teke omsyn til eksisterande bustadar, regulert inn og utvikla eksisterande kvalitetar i planområdet.
- Teke vare på eksisterande friluftsområde, naustområde og leikeplassar innanfor planområdet.
- Fått på plass oppdatert plankart og føresegner.


Rådmannen ser at planendringa har hatt ein formell oppstart og er kunngjort på vanleg måte. Rådmannen meiner at det nye reguleringsplankart og føresegnene til reguleringsplanen i stor grad er tilpassa ein framtidretta bruk av området. Rådmannen vil peike på at det er viktig i planarbeidet å kunne løysa dei trafikale utfordringane ved planområdet knytt til Fv. 565,plaforslag til føresegna som gjeld tilhøvet her er uendra. Det står i dei framlagte føresegnene under § 6 at:

#### **§ 6 UTBYGGINGSREKKJEFØLGJE.**

*Nye busslommer og tilhøyrande fortau må vere etablerte før det kan gjevast løyve til innflytting i nye bustader. For fortau på austsida av vegen gjeld kravet mellom utkøyrsla for bustad-feltet og t.o.m den gamle avkøyringa som skal stengjast. For vestsida gjeld kravet f.o.m busslomma vis à vis utkøyrsla frå bustadfeltet og t.o.m innkøyrsla til Toftegårdskrysset.*

Rådmannen vil peika på at dette infrastrukturarbeidet skal gjerast i samsvar med godkjent **“Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy”** (arealplanid. 2014005). Austrheim kommunestyre godkjente i møte den 15.09.2016 (sak 086/16) denne reguleringsplanen. Plankartet til denne detaljreguleringa viser gang- og sykkelvegen med to

busslommer.



#### Plankart «Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy»

Rådmannen vil tilrå at formannskapet på vilkår om at § 6 utbyggingsrekkjefølgje vert endra noko sender planendring for «Detaljregulering «Søre Neset» med planid 2005003 til offentlig ettersyn. Vilkåret er at føresegn § 6 vert retta opp som vist under før planendringa vert sendt på offentlig ettersyn:

#### **-§ 6 UTBYGGINGSREKKJEFØLGJE.**

*To nye busslommer med tilhøyrande fortau som vist i godkjent «Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy» (arealplanid. 2014005) må vere etablerte før det kan gjevast igangsettingsløyve til nye bustadar i planområdet. For fortau på austsida av vegen gjeld kravet frå og med busslomma for bustad-feltet og t.o.m den gamle avkøyringa som skal stengjast. For vestsida gjeld kravet f.o.m busslomma vis à vis utkøyrsla frå bustadfeltet og t.o.m innkøyrsla til Toftegårdskrysset. Dersom busslommer, veganlegg og fortau er sikra opparbeid i tråd med detaljregulering for gang og sykkelveg Mastrevik – Kilstraumen, gjennom avtale med Statens Vegvesen og Austrheim Kommune kan det gjevast igangsettingsløyve til nye bustadar i planområdet.*

Det viktigaste med denne endringa i føresegna er å få sikra opparbeiding av naudsynt infrastruktur ved Fv. 565 før det vert gjeve igangsettingsløyve til nye bustadar i planområdet. Dette er og i tråd med dispensasjonsvedtak gjort for to nye bustadar i feltet her den 25.08.2016. Dette kravet vil sikre at det kjem på plass busslommer og fortau på ein god måte i dette bustadfeltet. Sikra opparbeidd

betyr at avtale er på plass om dette.

Rådmannen meiner difor at ein berre med ei klar føresegn i § 6 har tryggleik for at intensjonane i denne planendringa vert følgd opp i praktisk handling. Rådmannen viser elles til kommunedelplan for trafiksikring 2016-2023 og prosjektet «Trafiksikker kommune». Austrheim Kommune er nyleg godkjent som Trafiksikker Kommune. Rådmannen rår formannskapet til og i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 at planendring for Søre Neset med planid 2005003 som framlagt på vilkår vert sendt ut på offentleg ettersyn. Plankart er datert 13.10.2016 og reviderte føresegner er datert 10.10.2016.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår formannskapet til og i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 at planendring for Søre Neset med planid 2005003 som framlagt på vilkår av at føresegn i § 6 vert endra vert sendt ut på offentleg ettersyn.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
133/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 231	14/1606

### Lokal forskrift om gebyr for tekniske forvaltningsteneste med gebyrsatsar for 2017 - Godkjenning

#### Vedlegg:

Gebyrregulativet for 2017

#### Framlegg til vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2017 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2017.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova §33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonsslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

#### Saksopplysninger:

Gebyr for handsaming etter plan- og bygningslov, matrikkellov, lov om eigarseksjonar, forureiningslov, jordlov og konsesjonssaker vert gjort i medhald av gjeldane lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Austrheim kommune.

Kommunane som samarbeider gjennom Nordhordland Digital har felles gebyrmal for handsaming av saker innan teknisk forvaltningssektor, dette gjeld og Austrheim kommune. Nordhordland digitalt er eit organ der 10 kommunar samarbeider om utvikling av e-kommunen, geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingssaker/matrikkelen og adressering.

Kommunen kan krevje gebyr for enkeltsaker i bygge- og dispensasjonssak. Handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. Det er mange saker elles som denne avdelinga i Austrheim kommune ikkje kan få inn gebyrinntekter på, det gjeld kommuneplanarbeid, kommunedelplanar, områdeplanar og uttalar i saker som har med m.a. konsesjonar å gjera som t.d. kraftleidningsaker og havbrukssaker m.m. Veildning, informasjon og rettleiing er og noko kommunen gjer i tråd med forvaltingslova og god forvaltningsskikk og som



kommunen heller ikkje tek gebyr for.

Målet er at gebyrinntektene skal dekke kostnadene med arbeidet med sakshandsaminga ved dei ulike tenestene i avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø. Avgiftsgrunnlaget er alltid usikkert. Endringane i lovverket kan og koma som gjer at tiltak skal handsamast på ein annan måte. Gebyrinntektene i 2017 er og avhengig av tal saker som kjem inn. Utfallet av kommuneplanarbeidet 2017 kan og avgjera om ein søknad frå ein bestemt stad vert dispensasjon eller ikkje. Det vert truleg ein nedgang i gebyrinntekter på grunn av nedgangstidene i næringslivet i regionen, større arbeidsløyse og truleg færre dispensasjonsaker. Det er og færre saker som er søknadspliktige i regulerte bustad- og næringsområde. Det har vore mange reguleringsplanar ei tid i Austrheim, men det vert truleg færre private planar i 2017. Oppmålingsgebyr (kartforretningar) vert og redusert av same årsak. Endringane i lovverket om søknadsplikt gjev reduksjonar i inntekt på byggesak, men meir arbeid med tilsyn, informasjon og veileding.

### **Vurdering:**

Rådmannen vil informera om at målet for ein felles gebyrmaal i Nordhordland er at alle kommunane skal kunne nytte gebyrmaalen utan å endra den for ofte. Det er difor viktig at gebyrmaalen inneheld alle tenester det er aktuelt å krevje gebyr for i den aktuelle kommunen. Så er det opp til den einskilde kommune å setje gebyrsatsen til kr. 0 om det er tiltak der kommunen ikkje ynskjer å krevje sakshandsamingsgebyr. Rådmannen vil peika på at i tråd med målet om at gebyrinntektene skal dekke arbeidskostnadene ved dei ulike tenestene, vert det lagt fram forslag om auke i gebyrsatsane. I samsvar med kommunen sin økonomi og handlingsrom framover vert det difor gjort framlegg om å auke gebyra knytt til plan- og byggesaksdelen av plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova generelt med omlag 3 %.

Rådmannen vil opplyse om at handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. I 2015 og 2016 har kommunen opplevd mange saker som krev dispensasjon frå arealdel av gjeldane planar, og byggeforbodet i 100 metersbeltet langs sjø. Dette er saker som krev mykje resursar pr. sak, dei som vert påklaga går vidare til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjerd. Utfallet av kommuneplanarbeidet vil truleg føra til færre slike dispensasjonsaker i 2017.

Gebyr for handsaming av saker etter plan- og bygningslova er ein god del lågare i Austrheim enn i andre kommunar i Nordhordland, som til dømes Meland og Lindås kommune. Dette vil det vera framleis, men det er viktig å peika på at kompleksiteten er større i tettstadar som Knarvik og Frekhaug, her vert det gjerne og meir omfattande og fleire klagesaker å handsama. Rådmannen meiner at det ikkje er naturleg å auka gebyr for utsleppsløyvet etter forureiningslova frå hus som alt har utsleppsløyve frå gammalt av (eller som i praksis har hatt eit utslepp i lang tid frå bustaden sin). Utskifting, restaurering og vedlikehald av eksisterande anlegg som ikkje er søknadspliktig tiltak tek sjølvstøtt ikkje kommunen gebyr på i dag. Rådmannen vil peika på at det er viktig at oppgraderingar av eldre avlaupsanlegg vert rimeleg for dei som faktisk vil gjera ein jobba med å utbetra anlegget sitt av omsyn til miljø og naboar m.m. Det er heller ikkje naturleg å auka dispensasjonsgebyra, dette på

grunn av at dei er justert tidlegare til eit fornuftig nivå.

Rådmannen ser at storleiken på gebyrinntektene varierer frå år til år, utifrå byggjeaktiviteten, delingsakene og omfanget av dei private detaljreguleringane. Rådmannen meiner at satsane generelt bør aukast med om lag 3 % for å halda på målet om å dekkja den same del som før av arbeidskostnadane på avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø.

For 2017 gjer difor rådmannen framlegg om å auke gebyra knytt til plan- og bygningslova, matrikkellova (oppmåling) og forureiningslova med om lag 3 %, jf. vedlagt rekneark med oppsett. Dette i tråd med den vanlege stigninga i kostnader. Sjølv med 3 % auke kjem Austrheim kommune gunstig ut, samanlikna med andre kommunar i Nordhordland. Rådmannen rår til at gebyrregulativet for 2017 vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg.

### **Konklusjon:**

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2017 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2017.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
134/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - U62	16/201

### Alkoholgebyr

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune endrar desse alkoholgebyra frå 2017:

- Gebyr for ambulerande bevilling gitt etter alkohollova § 4-5, vert 300 kr. pr gang
- Gebyr for bevilling i einskild høve gitt etter alkohollova § 1-6, vert 300 kr. pr gang

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Austrheim har eit gebyr for skjenking i einskildhøve og for ambulerande løyve på 250 kr. Denne satsen har stått uendra i fleire år. I forskriftene til alkohollova er maksimalsatsen for ambulerande løyve sett til 340 kr. For løyve gitt for eit enkelt høve, kan ein setja ein sats som tar omsyn til omsetninga. Til dømes kunne ein i Austrheim sett gebyret i «Ein smak av ..» og i Havsportveka til eit høgare beløp.

##### Vurdering

I dei vedtatte retningslinjene står dette:

*Austrheim kommune nyttar dei til kvar tid gjeldande satsar for sals- og skjenkeavgift, jamfør lov og forskrift*

- *Gebyr for ambulerande bevilling er 300 kr. pr gang*
- *Gebyr for bevilling i einskild høve er 300 kr. pr gang*

*Kommunestyret kan endra dessa to siste satsane*

Grunnen til at ein tidlegare ikkje har operert med høgare gebyr for einskild løyve, er at det er få arrangement i Austrheim med dei store overskota. Rådmannen vil heller ikkje skilja mellom gebyra på dei to typane løyva denne gongen heller.

## **Konklusjon**

Rådmannen viser til dei vedtatte retningslinjene i den ruspolitiske handlingsplanen. Med dette vert det lagt fram forslag til vedtak på gebyra i samsvar med det som står i retningslinjene

- Gebyr for ambulerande bevilling er 300 kr. pr gang
- Gebyr for bevilling i einskild høve er 300 kr. pr gang

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
135/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE - 231	16/1053

### Avgifter - Austrheim kulturskule 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune aukar elevavgifta med 3% i kulturskulen i 2017.

Avgifta er kr 1432,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon. Avgifta for barnekoret Tiriltunge er kr 371,- per semester, for babysong kr 955,- per semester.

Sal av dirigent/instruktørtenester til kor og korps er kr 265,- per time.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Regulering av elevavgift i Austrheim Kulturskule, og pris på sal av dirigent/instruktørteneste.

I 2016 auka vi avgifta i Austrheim kulturskulen med 3%. Elevavgifta i kulturskule er kr 1390,- per semester og det vert gitt 25% søskenmoderasjon. For barnekoret Tiriltunge er avgifta kr 360.-, for babysong kr 927,-.

Sal av dirigent/instruktørtenester til kor og korps kr 257.- pr. time.

##### Vurdering

Austrheim kommune bør auka avgifta i 2017 i tråd med prisvekst på 3%.

##### Konklusjon

Austrheim kommune aukar elevavgifta med 3% i kulturskulen i 2017.

Avgifta er kr 1432,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon.

Avgifta for barnekoret Tiriltunge er kr 371,- per semester, for babysong kr 955,- per semester. Sal av dirigent/instruktørtenester til kor og korps er kr 265,- per time.



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
136/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	16/1044

### Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 143,- pr. dag for 2017. Dette er ei auke på 3 %

#### Saksopplysninger:

Betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen.

I kommunestyret den 17.12.2015 vart det i sak 154/15 vedteke fylgjande:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 139,- pr. dag.

#### Vurdering

Betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert auka frå kr. 139,- til kr. 143,- pr. dag.

#### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 143,- pr. dag for 2017. Dette er ei auke på 3 %

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
137/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	16/1043

### Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtak å auke eigenandel med 3 % til kr. 89,- for følgjeteneste i 2017 og kr. 65,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

#### Saksopplysninger:

Heimehjelpa kjører av og til brukarar til butikk, frisør og liknande. Dette er ei teneste som ikkje er mykje brukt og den er ikkje lovpålagd.

I kommunestyret sitt møte den 17.12.2015 i sak 155/15 vart fylgjande vedteke:

Austrheim kommunestyre vedtek å auka eigenandel med 3% til kr. 86,50 for følgjeteneste i 2016 og kr. 63,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

#### Vurdering

Eigenandelen vert auka frå kr. 86,50 til kr. 89,- for følgjeteneste og frå kr. 63,- til kr. 65,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

#### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtak å auke eigenandel med 3 % til kr. 89,- for følgjeteneste i 2017 og kr. 65,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
138/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	16/1045

### Betaling for heimetenester 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2017: Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 185.152,- ) har ein eigendel pr. måned for heimetenester som vert regulert statleg pr. 01.05.2017.

	Betaling for mnd.:	Timepris
2 – 3 G	Kr. 632,-	Kr. 166,-
3 – 4 G	Kr. 795,-	Kr. 256,-
4 – 5 G	Kr. 1108,-	Kr. 286,-
Over 5 G	Kr. 1403,-	Kr. 322,-

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Austrheim kommunestyre vedtok følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2016:

Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 180.136.- ) har ein eigendel pr. måned for heimetenester som vert regulert statleg pr. 01.05.2016.

#### Vurdering

**Frå:**

**Til:**

	<b>Bet. Pr. mnd.</b>	<b>Timepris</b>	<b>Bet. Pr. mnd.</b>	<b>Timepris</b>
2 – 3 G	Kr. 614,-	Kr. 161,-	Kr. 632,-	Kr. 166,-
3 – 4 G	Kr. 772,-	Kr. 249,-	Kr. 795,-	Kr. 256,-
4 – 5 G	Kr. 1076,-	Kr. 278,-	Kr. 1108,-	Kr. 286,-
Over 5 G	Kr. 1362,-	Kr. 313,-	Kr. 1403,-	Kr. 322,-

### **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2017:  
Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 185.152,- ) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg pr. 01.05.2017.

	<b>Betaling for mnd.:</b>	<b>Timepris</b>
2 – 3 G	Kr. 632,-	Kr. 166,-
3 – 4 G	Kr. 795,-	Kr. 256,-
4 – 5 G	Kr. 1108,-	Kr. 286,-
Over 5 G	Kr. 1403,-	Kr. 322,-

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
139/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	16/1042

### Betaling for middag 2017

#### Framlegg til vedtak:

Det vert ingen endring for kjøp av middag i 2017

Hente sjølv: kr. 75,-

Heimkjørt kr. 85,-

#### Saksopplysninger:

Det vert ingen endring for kjøp av middag i 2017

#### Konklusjon

Det vert ingen endring for kjøp av middag i 2017

Hente sjølv: kr. 75,-

Heimkjørt kr. 85,-

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
140/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	16/1041

### Betaling for tryggleiksalarm 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen med 3 % til kr. 340,- for tryggleiksalarm for 2017

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

I kommunestyret sitt møte den 17.12.2015 i sak 158/15 vart fylgjande vedtate:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen med 3% for tryggleiksalarm for 2016.

##### Vurdering

Betalingsatsen for tryggleiksalarm vert auka med 3%

Satsen for brukar vert auka frå kr. 330,- pr. mnd til kr. 340,-.

##### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen med 3% til kr. 340,- for tryggleiksalarm for 2017.



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
141/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 231	16/1051

### Betalingssatsar for barnehageplass for 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2016	Sats pr. mnd.frå 01.01.2017
45 t/v	5	kr. 2 655	Kr.2 730
36 t/v	4	kr. 2 122	Kr.2 182
27 t/v	3	kr. 1 592	Kr.1 637
18 t/v	2	kr. 1 061	Kr.1 091

Juli er betalingsfri månad.

**Betalingssats pr. dag for kjøp av ekstra dag:** kr. 270 – inklusive matpengar

**Søsknmoderasjon:** 30% søsknmoderasjon for 2. barn, og 50% søsknmoderasjon for 3. barn og oppover.

**For sein henting:** Kr 161 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Det vert ein auke på 2,85% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Makspris for ein full barnehageplass er fastsett sentralt i statsbudsjettet. For 2017 er maksprisen for 2017 satt til kr. 2730,- pr. månad. Dette utgjer ei auke med 2,85% i høve makspris for 2016.

I tabellen for nye satsar, slik den kjem fram i rådmannen sitt framlegg ti vedtak, er satsane for ulike plasstypar justert opp med 2,85%.

##### **Austrheim kommunestyre har i møte den 18.02.16 i K-sak 13/16 gjort følgjande vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane. Vedtaket vert gjort med verknad frå og med 01.04.2016:

Juli er betalingsfri månad.

Melding frå Udir 11.12.2015: Maksprisen for barnehageplass for 2016 er fastsatt til kr. 2 655 pr.

månad. Dette gir eit påslag på 2,82% i høve makspris for 2015. Satsane, justerte relativt, vert då:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2015	Påslag - 2,82%	Ny sats gjeld frå 01.04.2016
45 t/v	5	kr. 2 580	kr. 75	kr. 2 655
36 t/v	4	kr. 2 064	kr. 58	kr. 2 122
27 t/v	3	kr. 1 548	kr. 44	kr. 1 592
18 t/v	2	kr. 1 032	kr. 29	kr. 1 061

**Betalingssats pr. dag for kjøp av ekstra dag:** kr. 263 – inklusive matpengar

**Søskenermoderasjon:** 30% søskenermoderasjon for 2. barn, og 50% søskenermoderasjon for 3. barn og oppover.

**For sein henting:** Kr 157 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Rådmannen foreslår ein auke på 3% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

### Vurdering

Eg rår til at satsane for 2017 vert auke med 2,85% i samsvar med statsbudsjettet sitt framlegg .

### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2016	Sats pr. mnd.frå 01.01.2017
45 t/v	5	kr. 2 655	Kr.2 730
36 t/v	4	kr. 2 122	Kr.2 182
27 t/v	3	kr. 1 592	Kr.1 637
18 t/v	2	kr. 1 061	Kr.1 091

Juli er betalingsfri månad.

**Betalingssats pr. dag for kjøp av ekstra dag:** kr. 270 – inklusive matpengar

**Søskenermoderasjon:** 30% søskenermoderasjon for 2. barn, og 50% søskenermoderasjon for 3. barn og oppover.

**For sein henting:** Kr 161 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Det vert ein auke på 2,85% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.





## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
142/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 231	16/1050

### SFO - Betalingssatsar for 2017

#### Framlegg til vedtak:

##### Betalingsatsar for SFO i 2017:

Timetal	Betalingsats
Til og med 10 t/v	Kr. 1 612
10,5 t/v – 14 t/v	Kr. 2 258
Meir enn 14 t/v	Kr. 3 004

Søskemoderasjon: Det vert gitt 30% søskemoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **Kr. 253**

Pris for kjøp av ekstratimar, vert sett **til kr. 43**

Prisane for SFO er justerte opp med 2,85% i høve til prisnivået for 2016.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

I kommunestyresak 147/15 i møte den 17.12.15 vart det gjort følgjande vedtak om betalingssatsar i SFO for 2016:

##### Betalingsatsar for SFO i 2016:

Timetal	Betalingsats
Til og med 10 t/v	Kr. 1 568
10,5 t/v – 14 t/v	Kr. 2 196
Meir enn 14 t/v	Kr. 2 921

Søskemoderasjon: Det vert gitt 30% søskemoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **Kr. 246**

Pris for kjøp av ekstratimar, vert sett **til kr. 42**

Prisane for SFO er justerte opp med 3,5% i høve til prisnivået for 2015

Desse satsane vert indeksregulert kvart år. Rådmannen legg opp til ei prisjustering på 2,85% for 2017.

### Vurdering

Justeringa vert vurdert ut frå prognosar for prisvekst komande år, slik dei kjem fram i statsbudsjettet. Med ein prisauke på 2,85% vil ein framleis kunne drive SFO i balanse.

### Konklusjon

Eg rår til følgjande:

#### Betalingssatsar for SFO i 2017:

Timetal	Betalingssats
Til og med 10 t/v	Kr. 1 612
10,5 t/v – 14 t/v	Kr. 2 258
Meir enn 14 t/v	Kr. 3 004

Søskemoderasjon: Det vert gitt 30% søskemoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **Kr. 253**

Pris for kjøp av ekstratimar, vert sett **til kr. 43**

Prisane for SFO er justerte opp med 2,85% i høve til prisnivået for 2016.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
143/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	16/1039

### Slamavgift 2017

#### Vedlegg:

Kommunal saksførebuing til budsjett 2017 - gebyr slam

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr for slamavgift for 2017.

	2017	2017
Årlege avgifter:	Eks. avgift	Inkl. avgift
Bustadhus	1071	1339
Hytter	600	750

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Gebyr for tømning av slamavskiljarar 2017. NGIR har redusert gebyr for slam med 2 % frå 01.01.17

##### Vurdering

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr for slamavgift for 2017.

	2017	2017
Årlege avgifter:	Eks. avgift	Inkl. avgift
Bustadhus	1071	1339
Hytter	600	750

Folkehelse

Trygg handsaming av slam er viktig for folkehelsa.

#### Miljø

Trygg handsaming av slam er viktig for miljøet.

#### Økonomi

NGIR har fått ein avtale om ekstern kompostering av slammet som gjer at investeringane som var planlagt i 2016 ikkje treng gjennomførast. Dette fører til lågare kostnader enn tidlegare budsjettert.

Med dei prognosar som no ligg føre kan slamgebyret setjast litt ned og haldast stabilt fram til 2020. Då vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgangen av 2020.

#### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr for slamavgift for 2017.

	2017	2017
Årlege avgifter:	Eks. avgift	Inkl. avgift
Bustadhus	1071	1339
Hytter	600	750

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
144/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	16/1036

### Kloakkavgift 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2017. Avgiftene vert uendra frå 2016. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	2.430,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130 m <sup>2</sup>	3.953,-
Minsteavgift andre bygg	100 m <sup>2</sup>		2.601,-
Bygg med målt forbruk		Pr m <sup>3</sup> 13,-	19.66
Fast avgift målar			1.011,-

#### Tilknytingsavgift for 2017

	Areal	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte over		26.395,-
Tilknytning andre bygg pr. m <sup>2</sup>		159,-

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Kommunen har utfordrande oppgåver på avløp sektoren i åra framover. Ein vil med dagens gebyr ha dekkja underskottet på avløp i 2019 og vil deretter opparbeide midler på fond. Ein rår derfor til at ein har uendra kloakkavgifta for å møte auka utbyggingar av avløpsnett.

Tilknytingsavgifta vert sett lik tilknytning for vassleidning.

Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

### Vurdering

Folkehelse

Eit godt utbygd avløpsnett er viktig for folkehelsa.

Miljø

Eit godt utbygd avløpsnett er viktig for miljøet.

### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2017. Avgiftene vert uendra frå 2016. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	2.430,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130 m <sup>2</sup>	3.953,-
Minsteavgift andre bygg	100 m <sup>2</sup>		2.601,-
Bygg med målt forbruk		Pr m <sup>3</sup> 13,-	19.66
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytingsavgift for 2017

	Areal	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte over		26.395,-
Tilknytning andre bygg pr. m <sup>2</sup>		159,-

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
145/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	16/1040

### Renovasjonsavgift 2017

#### Vedlegg:

Kommunal saksførebuing til budsjett 2017 - gebyr renovasjon

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.17

Renovasjonsgebyr 2017	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 624,00	kr 2 224,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 944,00	kr 2 544,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 264,00	kr 2 864,00
Hytterenovasjon		kr 1 472,00	

\* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjewe utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

\*\* Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Renovasjonsgebyr for 2017. Representantskapet i NGIR gjorde vedtak om endra gebyr frå 2016 til 2017.

Kostnadsbiletet har endra seg ein god del siste året. Dette skuldast i hovudsak endringar i store kontraktar. Slik kostnadsbiletet no ser ut, bør renovasjonsgebyret setjast marginalt ned og kan



deretter haldast stabilt fram til 2020. Då vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgongen av 2020. Eit normalabonnement (som dei fleste har) vil få ein reduksjon på 1,1 % (kr 32 eks mva).

## Vurdering

Rådmannen rår til at NGIR sitt framlegg til gebyr vert vedteke.

Folkehelse

Renovasjon er viktig for folkehelse.

Miljø

Renovasjon er viktig for miljø.

## Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.17.

<b>Renovasjonsgebyr</b>	<b>Rabatt/tillegg*</b>	<b>Utan heimek.</b>	<b>Med heimek.**</b>
<b>2017</b>			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 624,00	kr 2 224,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 944,00	kr 2 544,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 264,00	kr 2 864,00
Hytterrenovasjon		kr 1 472,00	

\* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

\*\* Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
146/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	16/1038

### Vassavgift 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek uendra årlege vass og tilknytingsavgifter frå 1.1.17

Gebyr for tilknytning vert rekna ved godkjend søknad

Avgiftene for 2017 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m <sup>2</sup>	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130	5.122,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m <sup>2</sup>		3.278,-
Bygg med målt forbruk pr. m <sup>3</sup>		Pr. m <sup>3</sup>	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	26.395,-
Tilknytning vatn pr. m <sup>2</sup>		203,-

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Fastsetjing av vassavgifter for 2017.

Kommunen sitt vassverkfond er oppbrukt og for å dekke inn underskotet på vassavgifta har ein dei siste åra hatt ei høg auke på vassavgifta. Ein vil i 2017 få full dekning og ein vil kunne sette av avgift til vassverkfond. Ein rår derfor til at ei for 2017 ikkje aukar årsavgifta og tilknytning.

## Vurdering

Kommunen sine utgifter på vassforsyningssektoren har auka på grunn av siste års utbyggingar av vassforsyningsnettet. Ein har og auka utfordringar med reparasjonar/brudd på hovudnettet. De siste åra har ein hatt ei høg auke på vassavgifta. Ein vil i 2017 få full dekning og ein vil kunne sette av avgift til fond. Ein rår derfor til at ei for 2017 ikkje aukar årsavgifta og tilknytning.

Vassavgift for 2016 er:

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130 m <sup>2</sup>	5.122,-
Minsteavgift andre bygg	100 m <sup>2</sup>		3.278,-
Bygg med målt forbruk		Pr m <sup>3</sup>	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Avgiftene for 2017 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m <sup>2</sup>	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130	5.122,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m <sup>2</sup>		3.278,-
Bygg med målt forbruk pr. m <sup>3</sup>		Pr. m <sup>3</sup>	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte	90 m <sup>2</sup>	26.395,-
Tilknytning vatn pr. m <sup>2</sup>		203,-
Tilknytning andre bygg pr. m <sup>2</sup>		174,-

## Folkehelse

Reint vatn er viktig for folkehelsa.

## Miljø

## Økonomi

Kommunen sitt vassverkfond er oppbrukt og for å dekke inn underskotet på vassavgifta har ein dei siste åra hatt ei høg auke på vassavgifta. Ein vil i 2017 få full dekning og ein vil kunne sette av avgift til

vassverkfond. Ein rår derfor til at ei for 2017 ikkje aukar årsavgifta og tilknytning.

### Konklusjon

### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek uendra årlege vass og tilknytingsavgifter frå 1.1.17.

Gebyr for tilknytning vert rekna ved godkjend søknad.

Avgiftene for 2017 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m <sup>2</sup>	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130	5.122,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m <sup>2</sup>		3.278,-
Bygg med målt forbruk pr. m <sup>3</sup>		Pr. m <sup>3</sup>	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	26.395,-
Tilknytning vatn pr. m <sup>2</sup>		203,-
Tilknytning andre bygg pr. m <sup>2</sup>		174,-

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
147/16	Formannskapet	PS	24.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	16/1035

### Feieavgift 2017

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek uendra gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2017.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Feieavgift for 2017. Kommunen har for 2015 ca 1200 piper ,herav er abonnenter som har hus med 2 piper ca 75. Frå 2017 skal og hytter og fritidshus ha feiing og tilsyn. Kostnad med dette vil ein ikkje ha oversikt over før etter 2 gangs feiing for deretter og kunne fastsette hyppigheit for feiing. Ein legg derfor inn lik avgift som for hus fram til ein har denne oversikten. Ein har i dag avsett kr 116.734,- på fond som kan nyttast til eventuell meirkostnad ved registrering feiing av hytter og fritidshus. Kommunen har avtale med innleiet firma som utfører feiing og tilsyn av bustadhus denne avtalen vert utvida til og å gjelde hytter og fritidshus.

##### Vurdering

Feiing og tilsyn vert utført av innleitt firma. Feiinga er behovsprøvd men skal gjennomførast minst ein gang kvart fjerde år. Abonnentane vil derfor oppleve tenesta ulikt, noko som enkelte erfarings messig

finn urettferdig. Rådmannen rår til at noverande betalingsystem fortset.

For 2016 er årleg gebyr.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

Framlegg til nye satsar 2017.

Satsane vert uendra frå 2016 til 2017.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek slike betalingsatsar for feiing og tilsyn frå 01.01.2017.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
148/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 150	16/214

### Budsjettoppfølgning pr.31.10.16

#### Vedlegg:

Statusrapport pr. 31.10.16

#### Framlegg til vedtak:

Statusrapport for perioden 01.01. – 31.10.16 vert teke til vitande.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Statusrapport for perioden 01.01. – 31.10.16 er vedlagt.

##### Vurdering

Viser til vedlagt statusrapport for perioden 01.01. -31.10.16 og rår til at denne vert teke til vitande.

#### Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Statusrapport for perioden 01.01. – 31.10.16 vert teke til vitande.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
123/16	Formannskapet	PS	02.11.2016
149/16	Formannskapet	PS	24.11.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 150	16/997

### Budsjett 2017

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.

#### Formannskapet - 123/16 - 02.11.2016

#### FS - behandling:

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### FS vedtak:

Saka vert utsett.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

I møte den 02.11 vil årsbudsjettet for 2017 bli handsama. Dette er eit arbeidsmøte der budsjettet vil bli gjennomgått.

Det er lagt opp til fylgjande tidsplan for budsjettarbeidet:

Dag og dato	Tema	Kommentar
Mandag 31.10.	Budsjettkonferanse	
Onsdag 02.11	Møte i formannskap – budsjett 2017, Orientering og drøfting	Arbeidsmøte
Torsdag 17.11	Utsending av budsjettsaka til formannskap	
Torsdag 24.11	Møte i formannskapet-Budsjett 2017,	Vedtaks møte



	med saksutgreiing og framlegg til vedtak	
Torsdag 15.12	Formannskapet si tilråding vert lagt ut til offentlig ettersyn. Budsjett i kommunestyret	
	Lage til budsjetttrundskriv til utsending i postkassane	

**Vurdering**

Dokument i saka vil ligge føre til møte den 24.11.16. Desse vil bli utsendt den 17.11.16

**Konklusjon**

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting.